



Spesielt denne delen av Uskedalen oppvekstsenter krev ei omfattende reovering og opprusting. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen oppvekstsenter har fått prioritet nummer fire av rådmannen og komite for oppvekst, kultur og idrett. I det vidare planarbeidet skal den nye Sætre skule, Rosendal ungdomsskule og Underheim skule ha topp prioritet, heiter det i innstillinga som skal vidare til formannskap og kommunestyre. Uskedalen-skulen er med andre ord ikkje topp-prioritert.

Truleg vil det ta noko tid før det vert gjort vedtak om eventuelle endringar av skulestrukturen i kommunen. For at dette ikkje skal føre til tidstap i det vidare arbeid med oppgradering av skulane har rådmannen funne det rett å leggja rapporten frå det spesielle politkarutvalet fram for politisk handsaming.

Utvalet., som vart sett ned for vel eitt år sidan med oppdrag å vurdere tilstand og behov for tiltak ved skuleanlegga, plasserte Uskedalen som nummer tre etter Rosendal ungdomsskule og Undarheim. Kostnaden for Rosendal vart berekna til 25 millionar, for Undarheim til 62,5 millionar og for Uskedalen til 10,7 millionar, Deretter kom Omvikdalen oppvekstsenter med 16 millionar.

Lista inneheldt 17 skular og den samla kostanden var berekna til 204 millionar. I tillegg kjem nye Sætre skule på Halsnøy som vil koste vel 70 millionar og dermed er det aktuelt med investeringar i skulebygg for rundt 275 millionar. Sætre har altså kome inn og gått forbi Uskedalen under den siste handsamingsrunden.

Utvalsrapporten seier noko om kva som må gjerast ved kvar einskild skule og om kor stor summen av tiltaka er. Men det seier ikkje noko om utbyggjinga ved kvar skule kan splittast i fleire utbyggjingsstrinn og om alle tiltak ved ein skule i så fall er like viktige. Dette vil ein få fram ved alle skulane når ein, som ved den topp prioriterte Rosendal ungdomsskule utarbeider forprosjekt. Dette skal danne grunnlag for vidare prioritering av dei tiltak som skal gjennomførast først og sist. Dermed kan eit tiltak på ein skule få topp prioritet medan eit anna tiltak gjerne må prioriterast ned til fordel for tiltak på ein annan skule. Dette tilseier at prioriteringslista etter kvart kan bli svært lang, der enkelte skulat vil få mange tiltak med på lista, men med ulik prioritet, påpeikar rådmannen.

I tillegg kan det, når endeleg vedtak om framtidig skulestruktur ligg føre, bli nødvendig med endringar og omprioriteringar på lista. Dette skuldast at vedtak og flytting av elevar vil føre til bortfall av investeringsbehov ved den eine skule samtidig som det gjerne kan skape behov for auke investeringar ved den andre skulen. Når ein likevel finn det viktig å få godkjent ei prioriteringsliste er det mellom anna for å unngå at ein set i gang planleggjing av skuleprosjekt som manglar politisk prioritet.

Av Ola Matti Mathisen